

# KYRKJELYDSDBLAD



for Nissedal sokn

Med Meldingsblad for Nissedal kommune

Nr. 4

Jola 2019

55. årg.



*Teikning av Solveig Muren Sanden*

## ”So blædde dei salmur.”

### «Du grøne glitrande tre, god dag!»

Ein førjolsdag har me ei lita samtale med Trygve Slokvik. Trygve har hatt eit langt yrkesliv i Nissedal e-verk og Vest-Telemark kraftlag, og framleis har han tilsyn med kraftverket i Nordbygda, men som pensjonist har han tid til å kjenne på førjolsstemning og kunne la tankane fare attende til jola i oppvekståra.



*Trygve Slovik*

### - Du kan nok minnst ein del frå førjolstida i gutedagane dine?

- Ja, eg minnst at det va ei kos`leg tid. Det va kji sò mykji tale om advent, trur eg, men som i andre heimar dreiv mor med bakst og ølbryggjing, og mi skreiv jolekort og ordna med pakkur. Eg voks ikkji upp på gard, men eit par år hae mi gris, og då blei det slakting og stell av slakt i førjolsdagane. På den tid va det ikkji på tale å ete jolemat føri jol, tvert imot va det god skikk å konne vente ti joleftan. I førjolsdagane skulle mi nòk helle ha litt minder på bordi enn det som va vanlegt. Føri jol hørde det au med at Olav, bror min, og eg traska rundt med pakkur ti andre i famelien òkkòs.

### - De venta på joleftan?

- Ja, det gjorde mi, og når joleftan va der, og mi hae hengt upp kònband, og alt lukta reint frå vask og skuring, då syns jolefreden sige på. Far min va nòk den som kytte mest av jola. Han arbeidde i gruva, og der hae dei for det meste fri i heile jola. Det æ klart at gruvearbeid`rane såg fram ti kjærkomne fridagar, men far min va av dei som sette utruleg stor pris på alt som hørde jola ti. Joleftan samla mi òkkòn ti middag klòkka fem. Då åt mi som regel lut`fisk, og seinare på kvelden kosa mi òkkòn med kaffi og kakur og anna gòdt. Det va skikk heimi at mor og far pynta joletrei i bestestòga, og fysst når dei va færige, og pakkune låg på plass ondi greinine, konne mi kome inn og sjå at det lyste sò fint. Far lika gòdt nye innretningar, sò då det kom elektriske joleljøs, trur eg nòk han va blant dei fysste hera som kòpte slike.

### - Du kjæm nok au i hug mangt frå joledagane?

- Ja, fysste joledag, det som mi òfte kalla joledagjen, va det gamal skikk at mi heldt òkkòn heimi. Burtsett frå at mi konne reise på gudsteneste, va det ein roleg dag for dei neraste i heimen. Då kom det helle ikkji fræmin, som mi sa, men mi kosa òkkòn med ribbemiddag, såg på jolegávune, leika uti og fann på mykji moro. I jola måtte mi au ha væl med spikjefisk og møltur. I dei neste dagane va det tid for at fòlk kom ti òkkòn, elle at mi fòr ut ti joleselskap. Å ja då, mi venta veldig på joletreffestane. Eg kjæm særleg i hug joletreffesten på Nordbygda bedehus. Der va det fullt av fòlk, stor stemning med mat og kakao, mange ringar kring joletrei, og nissen kom med pakkur.

### - Og det va jolestemning heilt ti tjugende dag jol?

- Ja, på den tid va det ikkji vanleg å ha adventskonsertar, jolebord og mange opplegg føri jol, men då konne mi au halde på med jolefeiring ti tjugendagjen, 13. januar. Joletreffestar va det både her og der, og særleg frå trettende ti tjugende dag jol va det tid for å gange jolebukk. Det æ klart det va gildt å få klæ seg ut, banke på dynnar og lage seg. Som regel fekk mi med òkkòn litt au, eit par småkakur, litt gòdtri elle ei appelsin.

### - He du hatt med deg joleskikkar frå gutedagane ?

- Som kjent he joleskikkane endra seg, men i heimen òkkòs set mi pris på rolege dagar med alt godt som høyrer jola ti. Eg likar au at det he blitt gudsteneste om joleftan, ein fin inngang på jola, der mi fær høyre jolebodskapen og blir minte om hòfòr mi feirar jol. Og sò æ det gildt å få høyre jolesangane på nytt. «Du grøne glitrande tre, god dag!» syns eg æ ein fin jolesang som gje ei god stemning.

TV

## Du grøne glitrande tre, god dag!

Du grøne, glitrande tre, god dag!  
Velkomen, du som me ser så gjerne,  
med joleljøs og med norske flagg  
og høgt i toppen den blanke stjjerne!  
Ja, ho må blenkje så me må tenkje,  
ja, ho må blenkje så me må tenkje  
på Jesus Krist, på Jesus Krist.

Den fyrste jol i eit framandt land  
den store stjerna på himlen lyste.  
Ho skulle syne for alle mann  
den ringe heim som vår frelsar hyste.  
I stjerneglansen gjekk engledansen,  
i stjerneglansen gjekk engledansen  
om Betlehem, om Betlehem.

Om Jesus-barnet fortalde mor  
om kvelden heime, når me var inne.  
Me veit hans bod og hans milde ord,  
og aldri dei skal gå oss or minne.  
På han me tenkjer når stjerna blenkjer,  
på han me tenkjer når stjerna blenkjer  
på joletre, på joletre.

Tekst: Johan J. Krohn, 1866, Bernt Th. Anker, 1906  
Melodi: Christopher Ernst Frederik Weyse,

## Joleandakt

### Lovnader om kjærleik

Ein handverkar var kjent for ikkje å kome når han hadde lova. Grunngevinga hans var: «Ein kan ikkje både love og halde på ein gong.» Vi har vel alle gjort våre egne erfaringar i høve til dei lovnadene vi sjølv har gjeve, og dei som andre har gjeve til oss. Det er ikkje alltid samsvar mellom ord og handling.

Rudolf Nilsen skriv i eit av dikta sine: «Intet er mer som skrift i sand enn løfter om kjærlighet.» Det du skriv i sand, vert ikkje ståande. Vind og bølger viskar skrifta ut. Det blir gløymt for alltid. Skal lovnader ha ein verdi, må dei oppfyllast. Lovnader om kjærleik må få praktiske utslag i handlingar som visar at du er glad i eit menneske.

Når keisar Augustus påbyr at alle skal skrive seg inn i manntal, skriv samstundes Gud seg inn i historia vår ved at Jesus blir født som eit barn. Juleevangeliet startar slik på latin: «Factum est» - fakta er. Ein har sagt at julenatt fekk Gud adresse på jorda.

«Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda», skriv Johannes. Ordet fotografere kjem frå gresk og tyder direkte oversett «å skrive med lys». Når Jesus skriv seg inn i verda, teiknar han eit bilete av korleis Gud er, med ord og ikkje minst i konkret handling.

Guds lovnader om kjærleik vert synlege når han vert ein av oss. Guds lovnader om kjærleik får sitt aller tydelegaste teikn når Jesus gjev livet sitt for vår skuld. Så høgt er vi elska av Gud.

Gud ønsker å skrive seg endå lengre inn enn i historia vår. I Austkyrkja seier dei: «Kristus blei det vi er, for at vi skal bli det Han er». Han ønsker å skrive seg inn i våre liv. Det er det som kallast å tru. Trua er ein relasjon til Jesus. Johannes skriv i juleevangeliet sitt: «Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans».

Jula fortel oss at Gud ikkje skriv sine lovnader om kjærleik i sand, men i handling.

Med ønske om ei velsigna julehøgtid!

*Stein Reinertsen*

*Biskop i Agder og Telemark*



*Stein Reinertsen*



## Førjolssamtale med Kjetil Gundersen i Oregon i USA



Hausten i år 2000 la fire forventningsfulle unggutar frå kommunen vår ut på Amerika-ferd. Reisemålet var Pacific Lutheran University (PLU) i Tacoma i delstaten Washington der dei skulle studere. Eit par av karane har blitt verande i USA. Ein av dei er Kjetil Gundersen frå Haugsjåsund. Ein førjolsdag spør vi om han vil dele nokre minne, og fortelje om korleis han har det «over there».

### **Draumen om Amerika**

*-Kva var det som gjorde at du ville studere i USA?*

-Vi var ein gjeng vener frå Drottningborg vidaregåande skule som syntest det verka spennande å få oss utdanning i Tacoma, eit universitet som vart grunnlagt av norske innvandrarar på 1800-talet. Sidan eg hadde fått meg arbeid rett etter at eg var ferdig på Drottningborg, hadde eg eigentleg ikkje planar om å gå på noko universitet i det heile.

*- Men det har vel nærast vore tradisjon på den eine familiesida di å få seg arbeid i USA?*

-Ja, det var ikkje fritt for at eg hørde ein del om det i oppvekståra mine, og av og til fekk vi Amerika-besøk. Det voks nok fram ein draum i meg òg. Og då det la seg til rettes med studium i Tacoma, opplevde eg at dette var «billetten min» til Amerika. I 2004 tok eg eksamen som siviløkonom på PLU, kanskje ikkje så gale for ein som ikkje hadde som mål å få seg høgare utdanning.

*-Og her hende det vel meir som kom til å vere med på å stake ut kursen vidare?*

-Ja, det er sant. På PLU la det seg òg til rettes med å finne eit gildt amerikansk koneemne, Mollie frå Oregon. Etter at både Mollie og eg var ferdige på PLU, feira vi bryllaup i Seattle med mange gjester frå Noreg. Vi held saman den dag i dag og har vore gifte i 14 år. Og to jenter har vi fått, Maddie på 6 år, og Ellie som vart fødd i mai i år.

## Arbeid og utdanning på ulike stader i USA

- Når du har vore heime i Haugsjåsund, har du fortalt at de har hatt ei lita rundreise til ulike stader i USA?

- Ja, i ein periode vart det fleire flyttelass. Dagen etter bryllaupet, drog vi med det vi hadde av jordisk gods til Sacramento, hovudstaden i California. Her tok livet til som nygifte, og her starta vi karrierane våre som revisorar. Men etter tre år i den bransjen, hadde eg fått tankar om at eg heller ville arbeide innan teknologibedrifter. I 2008 drog vi heilt til Cambridge, rett ved Boston i Massachusetts i det nordaustre hjørnet av USA. Det tok ei heil veke å køyre dit på tvers av landet. Sidan den gong har eg vore involvert i ei rekkje oppstartsbedrifter innan teknologi, der eg har hatt ansvaret for finansane.

- Då de budde i Cambridge, skaffa du deg endå meir utdanning?

- Ja, då var eg au så heldig at eg fekk skrape til meg ein mastergrad i finans frå Harvard University, noko som var særst lærerikt.

## Under snødekte fjell og sus frå vide skogar i Oregon

-Etter fire år i Cambridge, kalla vestkysten på nytt, fortel Kjetil vidare, - i 2012 bar det vestover att, til Oregon, staten der Mollie har røtene sine. Vi bur no i ein kjempefin forstad som heiter Lake Oswego, ikkje langt frå storbyen Portland, omkransa av vatn og store, grønne tre.

- I Oregon finn du vel natur som kan minne om gamle Noreg?

-Ja, det må vi kunne seie. Oregon, kjend som den største skogstaten i USA, har ein storslegen natur med 4000 meter høge, snødekte, vulkanske fjell, ein variert kyst og milevide skogar med kjempedigre tre både av fure og gran. Vi har gode høve til å nyte denne varierte naturen, noko vi gjer mykje i helgene i familiens andre heim - ein campingvan. Elles er både vi vaksne og borna med i ulike sportsaktivitetar.

- Og de har funne ei kyrkje som de trivst å vere med i?

- Ja, det var eit lett val å bli med i den lutherske kyrkja der Mollie hadde gilde oppvekstår. Etter gudtenestene er det vanleg at vi samlar oss til ein nokså kjapp kyrkjekaffi. For tida er det ikkje sundagsskule for borna, men under gudstenestene kjem borna fram til presten eller ein annan kyrkjemedlem som fortel ei lita historie for dei. Eldstejenta vår, Maddie, gjekk i barnehagen i regi av den lutherske kyrkja fram til ho byrja på offentleg skule her i fjor, og i denne barnehagen er det både trusopplæring og mykje song. Ellie kjem òg til få del i dette opplegget når ho blir stor nok. I dei siste åra har Maddie òg vore med på sommarbibelskule («Vacation Bible School») ei veker tid her i kyrkja vår.

- Når nordmenn og andre skandinavar har kome til Amerika, har dei ofte funne saman. Er det slik framleis?

- Ja, vi veit at det framleis er liv og aktivitet i fleire norsk-amerikanske lag. Og nytt av året er at eg har teke initiativ til ein klubb for nordiske innvandrarar her i Oregon, Nordic Business Club of Oregon, som i skrivande stund har 12 norsktalande medlemmer. Vi synest det er lov å kjenne på lengten til Noreg. No har eg snart vore i Amerika i 20 år, og denne klubben vil hjelpe på heimlengten. Eg må vel kunne seie at eg kjenner meg like sterkt knytt både til Noreg og USA. Frå 1. januar 2020 kan eg få dobbelt statsborgarskap, etter at Noreg har mjuka opp reglane på dette området. Det er til stor glede, og noko eg har venta på lenge, særleg sidan det vil gjere det lettare å bruke endå meir tid heime i Haugsjåsund med tid og stunder, utan at eg mister opphaldsløyvet i USA.







*-I sommar fekk de ei gild oppleving i den gamle heimbygda di?*

-Ja, då vart Ellie døypt i Treungen kyrkje. Eg synest det var ei særskild god gudsteneste, der mykje gjekk på engelsk, til stor glede for oss og gjestene vi hadde med frå USA. Eg vil sende ein særskild takk til kyrkjestaben for god tilrettelegging av gudstenesta og for framifrå musikk!

### **Likt og ulikt mellom Noreg og USA**

*-Korleis er kvardagslivet for deg i USA når du samanliknar med det du ofte møter i Noreg?*

-Den største skilnaden er nok at ein her må innrette seg litt meir på eiga hand med ulike val ein gjer i livet enn det som er vanleg i Noreg. For meg er det fint, men det er nok andre som ikkje ynskjer den valfridomen. Det er enorme skilnader frå delstat til delstat, så eg kan mest uttale meg om Oregon. Her i Oregon kjennest mykje av miljø og daglegliv veldig nordeuropeisk ut både når det gjeld klima, kultur og politikk. Men ein må veksle ut snøen med regn! Ein stor skilnad mellom Oregon og Noreg er nok avgiftene. Her er ikkje meir enn 0.5% avgift på nye bilar, det er ingen moms, og literprisen på drivstoffet er 7,5 kr. Likevel er miljøspørsmål - slik som i

Noreg - på topp i det offentlege ordsiftet, og Oregon er rekna som ein av dei «topp 3» grønaste delstatane. Det er lett å trivast som nordmann her.

*- Så draumen om Amerika har svara til forventningane?*

-Ja, i aller høgaste grad. Her vil eg gjerne trekkje fram at det å vere immigrant ikkje har vore noka ulempe for meg. Amerika er ein smeltedigel, og om ein har utanlandsk bakgrunn, eit anna morsmål eller aksent, har ikkje det vore noko problem for å få innpass, snarare tvert imot. Amerikanarane tenkjer ikkje på meg som nordmann, men som ein av dei. Eg har alltid kjent på ei sterk tilknytning til Amerika, mykje fordi bestefar Klemmet (1918-2008) var fødd i Brooklyn, New York. Dei var ein syskenflokk på ni, og tre av dei vart verande i USA. Det er artig for meg å bere den fakkelen vidare, om så på heilt andre vilkår enn det oldeforeldra mine fekk då dei kom hit.

### **Norsk-amerikansk jolefeiring**

*- Og jolefeiringa blir kanskje prega av ulike tradisjonar?*

- Ja, jolefeiringa vår er bokstaveleg tala ei salig blanding av norske og amerikanske tradisjonar. I år er vi heime i Oregon. Veslejoleftan lagar eg risengrynsgraut. Joleftan er det ribbe og riskrem på bordet, men ingen gåver. Då skifter vi gir frå norsk til amerikansk jol. Gåvene skal nemleg opnast om morgonen 1. joledag, slik det er vanleg her. Etter at vi har sett på gåvene, dreg vi ut for å vere med på jolegudsteneste. Deretter er det kalkun- og skinkemiddag på menyen, slik Mollie er van med, heime hjå mor hennar, svigermor mi her i Oregon. Svigerfar omkom i ei tragisk bilulukke i 2016. Romjola tek vi nok som vanleg fri, før vi reiser bort til nyttårsfeiring, og – tradisjonen tru - gjerne langt av stad.

- Ja, så skulle eg altså velje ut eit par jolesongar – ein norsk og ein amerikansk – som eg set pris på, held Kjetil fram. - Ja, av dei amerikanske songane trur eg det må bli den stemningfulle «Do you hear what I hear» («Høyrer du kva eg høyrer»), helst sunge av Carrie Underwood. Eg kan vel opplyse om at songen er å finne på: [www.bit.ly/2q2yr06](http://www.bit.ly/2q2yr06). Om joleftan fer naturleg nok òg tankar og minne til jolefeiringa i heimbygda mi og til dei norske jolesongane. Skal eg plukke ut ein stemningsfull song frå den skattkista, trur eg det må bli «Det kimer nå til julefest,» seier Kjetil til slutt før han helsar alle i den gamle heimkommunen sin med eit varmt ynske om ei god og fredeleg jol.

**TV**

## Nytt frå Kyrkjekontoret

### Takk til Jon Inge Nordbø.



Jon Inge og Anita

Foto: Olav Jacob Tveit

På medarbeidarfesten i Treungen bedehus den 17. november fekk Jon Inge takk frå leiar i Nissedal sokneråd, Anita Haugstad Haugsjå for arbeidet han har lagt ned i kyrkjeveerjejobben.

### Anita Haugstad Haugsjå

er valt til leiar i Nissedal sokneråd. Ho held fram i vervet som ho har hatt i to periodar. Asbjørn Nes Hansen held fram som nestleiar. Begge to er i fyrste omgang valt for 1. år.

### Bente Rønningen Meyer

er tilsett som ny kyrkjeveerje. Ho tek til i jobben 1. mars 2020. Velkomen til Bente!

### Fast gjevarteneste i kyrkjelyden

Det er lagt ut eit ark med informasjon i kyrkjene om gjevartenesta. No kan folk ta kontakt med banken sin og avtale faste trekk. Arket vert fylt ut og levert til kyrkjekontoret og så er ein i gang.

## Nytt alphakurs ?

### Alle har spørsmål

Vi meiner at alle burde få sjansen til å utforske den kristne trua, stille spørsmål og dele sitt synspunkt; uansett kor du er i verda.

### Kva er Alpha ?


Alpha er fleire samlingar der du som deltakar kan utforske den kristne tru saman med andre. Kvar økt har eit tema, eit spørsmål rundt tru som er laga for å skape samtaler. Alphakurs er det over heile verda, og alle er velkomne. Kurset kan ein halde kor som helst – i kyrkja, på ein kafe eller i stoga til naboen. Ingen Alphakurs er like, men dei har tre viktige ting felles: Mat, undervisning og samtale.

**Fyrste inspirasjonsmøte blir i Treungen bedehus onsdag 22. januar kl. 19.00. Då får vi besøk av frikyrkjepastor Arvid Hunemo som fortel om sine erfaringar med alphakurs.**

**Det vert servert enkel kveldsmat.**

**Møtet er felles for Treungen Normisjon, Frikyrkja og Nissedal kyrkjelyd.**

**Velkomne!**



## Program for Frikyrkja

### JANUAR

05.	11.00	Gudsteneste med nattverd
06.	17.30	Speidaraktivitet
07.	19.00	Kvinneforening
13.	17.30	Friklubben
14.	18.00	Dugnad og fellesskap
19.	11.00	Felles gudsteneste. Sund.sk/Tårnag.
20.	17.30	Speidaraktivitet
21.	19.00	Kvinneforening. Årsmøte
23.	12.00	Song- og hyggestund
	19.00	Kveldskafè
27.	17.30	Friklubben

### FEBRUAR

03.	17.30	Speidaraktivitet
04.	19.00	Kvinneforening
09.	11.00	Gudsteneste. SLUSH.
10.	17.30	Friklubben
11.	18.00	Kyrkjelydens årsmøte.
12.	18.00	Suppe og peiskos. Bedehuset
23.	18.00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
24.	17.30	Friklubben
25.	18.00	Dugnad/fellesskap

### MARS

02.	17.30	Speidaraktivitet
03.	19.00	Kvinneforening
05.	19.00	Kveldskafè
06.	18.00	Kvinnenes internsj.bønedag
08.	11.00	Familiegudsteneste. Skitur etter gudstenesta.
09.	17.30	Friklubben
10.	18.00	Dugnad/fellesskap
11.	16.30	Trusopplæringsplanen. Middag.
13.-14.mars		HMS-kurs med Jan Inge Ringsby
15.	11.00	Familiegudst. Treungen kyrkje Utdeling av biblar til 5.kl
16.	17.30	Speidaraktivitet
17.	19.00	Kvinneforening
22.	11.00	Gudsteneste. Nattverd
23.	17.30	Open Frikubb/Vårkonsert Sal av sveler. Utlodding
30.	17.30	Speidaraktivitet
31.	19.00	Kvinneforening

Endringar kan skje.

Følg med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no)  
og annonsering.

Bøn torsdag 09.00

## Møte på Haugsjåsund grendehus

22. januar kl. 19.00: Årsmøte

19. februar kl. 19.00: Møte med tale av Knut Bjørn Skyttemyr. Kollekt og enkel servering.

25. mars kl. 19.00: Møte med tale og song av Ole Andre Eliassen frå Radio Grenland. Kollekt og enkel servering.

*Alle er hjarteleg velkomne!*

## Normisjon Treungen Bedehuset

### JANUAR

06.	kl. 19.00	Bønsamling.
09.	kl. 19.00	Dugnad/Fellesskap.
16.	kl. 19.00	Sarepta-misjon v/Mathias Eftevand.
25.	kl. 19.00	Møtehelg v/Jens Bergsland
26.	kl. 11.00	-----«-----

### FEBRUAR

03.	kl. 19.00	Bønsamling.
06.	Kl. 19.00	Årsmøte.
13.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.
19.	kl. 19.00	Møte i Haugsjåsund.
27.	kl. 19.00	Bibeltide, Knut Bjørn Skyttemyr.

### MARS

02.	kl. 19.00	Bønsamling.
05.	kl. 19.00	Møte, Arvid Hunemo.
12.	kl. 19.00	Dugnad/fellesskap.
19.	kl. 19.00	Bibeltide, Kurt Hjemdal.
25.	kl. 19.00	Møte i Haugsjåsund.

*Velkomne i Bedehuset*





# GUDSTENESTELISTE 1. halvår 2020



## Januar

12.	11.00	Treungen	Nattverd
19.	11.00	Frikyrkja	Familiegudsteneste. Fellesgudsteneste.
19.	18.00	Nissedal	Nattverd

## Offer

Diakoniprojektet i Mali  
Kyrkjelydsarbeidet

## Februar

2.	11.00	Treungen	Familiegudsteneste. Tårnagenthelg
16.	11.00	Nissedal	Familiegudsteneste
16.	18.00	Treungen	Nattverd

Kyrkjelydsarbeidet  
Bibelselskapet  
Bibelselskapet

## Mars

1.	11.00	Treungen	Nattverd. Årsmøte
15.	11.00	Treungen	Familiegudsteneste. Biblar til 5. kl.
29.	11.00	Nissedal	Familiegudsteneste. Biblar til 5. kl.
29.	18.00	Treungen	Nattverd

Kyrkjelydsarbeidet  
Acta Telemark  
Acta Telemark  
Sundagsskolen i Telemark

## April

5.	11.00	Felle	Palmesundag. Familiegudsteneste
5.	18.00	Fjone	Palmesundag. Familiegt. Kveldsmat
9.	10.00	Haugsjåsund	Skjertorsdag
9.	18.00	Nissedal	Skjertorsdag. Nattverd
10.	11.00	Treungen	Langfredag
12.	11.00	Nissedal	1. påskedag
19.	17.00	Vinje	Diakoniens dag
26.	11.00	Nissedal	Diakoniens dag

Diakoniprojektet i Mali  
Sundagsskolen i Telemark  
Diakoniprojektet i Mali  
Sundagsskolen i Telemark  
Diakoniprojektet i Mali  
Diakoniprojektet i Mali  
Diakoniatet i Vest-Telemark  
Diakoniatet i Vest-Telemark

## Mai

1.	11.00	Treungen	1.mai
17.	10.00	Nissedal	
17.	12.00	Felle	
17.	14.30	Treungen	Fleirbrukshuset
24.	11.00	Treungen	Gudsteneste med konfirmantane
31.	11.00	Treungen	Konfirmasjon
31.	13.00	Nissedal	Konfirmasjon

Frelsesarmeen  
Kirkens Nødhjelp  
Kirkens Nødhjelp  
Kirkens Nødhjelp  
Kyrkjelydsarbeidet  
Kyrkjelydsarbeidet  
Kyrkjelydsarbeidet

## Juni

7.	11.00	Treungen	Familiegt. Sundagsskuleavslutning
21.	11.00	Treungen	Nattverd
28.	11.00	Nissedal	Samling i prestegardshagen etter gt.

Sundagsskolen i Telemark  
Diakoniprojektet i Mali  
Diakoniprojektet i Mali



# MELDINGSBLAD



NISSEDAL KOMMUNE

Nr. 4

2019

## Gode lesar av kyrkjelydsbladet.

Ein begivenhetsrik haust er lagt bak oss, nå kan endeleg julefreden komme.

Det er med stor ydmykhet og pågangsmot eg tar til i min tredje periode som ordførar i vår flotte kommune.

Takk til alle dei som nytta sin rett til å stemme, både ved kommunevalet og ved soknerådsvalet.

Julehøgtida er for mange av oss ei tid der me har ekstra fokus på dei nære relasjonar, med mykje godt samvær og hygge.

Men det er dessverre slik at dette også er ei tid som mange ikkje opplever som nettopp det, tvert imot. Dette er ei tid der mange av oss prioriterer dei aller næraste relasjonar, noko som kan bidra til at dei som er i den noko meir perifere omgangskrets kanskje ikkje får så mykje oppmerksomhet.

Men det er kanskje nettopp i denne tida dei har mest behov for nettopp deg. Mange sit mykje aleine i høgtida, dei vanlege samlingsplassane har kanskje feriestengt, naboane er kanskje vekk hos slektningar eller venner i høgtida.

Denne tida kan for mange være ei påminning om at man ikkje har så mange rundt seg, og dermed føle på eit sagn i det fine med nære og gode relasjonar. Nokon kan ha mista nokon kjære i året som har gått, det kan være spesielt tungt nå i høgtida.

La oss bidra, til at nokon ein tenker er i ein slik situasjon får vår oppmerksomhet, varme og kjærlyghet.

Nissedølen har nok mange forskjellige tradisjonar og ritualer i julehøgtida, likevel, så veit eg at noko vi alle kan samle oss om, det er å tenne lys. Vi gjer det mot jul, men også ved mange andre anledningar - for å minnas og for å markere støtte til ulike saker. La oss tenne lys for nokon vi aner er i mørket – det er jo der lyset trengs!

Jul i Nissedal er noko av det finaste eg kan tenke meg, stemningen som brer om seg i jula er herleg.

Eg feirar jul på Homme, mest mogleg lik den eg er van til frå min barndom.

Her blir det heimlaga salta og røkt juleskinke, potetsalat, heimesylta raudbitar, pinnekjøtt mm. Eg kan love ein ennå tyngre ordførar på nyåret.

Håper alle får ei fantastisk fin julehøgtid.

God jul & godt nytt år.

*Halvor Homme*



*Ordførar Halvor Homme*



Foto: Frank M. Hansen

## «Tonar er taumkøyrd lyd»

*Takksame tankar etter ein jubileumsfest*

Sitatet over er henta frå Kjell Åsen sin prolog, skrive til Nissedalskoret sitt 30-års jubileum som blei markert sist laurdag. Kjell er ein kunstnar med ord. I nært samarbeid med tonesetjar, Sigvald Tveit, har tekstane hans frå songspelet, «Nissedal til alle tider», vore til glede og inspirasjon for koret gjennom meir enn 20 år. Takk, Kjell, også for dine innhaldsrike tekstar til denne kvelden!

Takk også til vår kjære «taumhaldar», Olav Svalastog. Ditt milde vesen og di kyndige leiing har makta å få tonar ut av lyden frå mange røyster gjennom 30 år.

«Me syng ikkje i kor for å bli yngre, - men for å bli eldre.» (Litt omskrive sitat av Karsten Isaksen.) Ja då, gråfargen gjer seg nok gjeldande hos store delar av koret; men kva gjer vel det? Me går rikare og lettare til sinns frå mang ei øving og framføring. Korsong gir livsglede og, i følgje ekspertar, kanskje også ein alen til vår livslengde. I tillegg til alle frå Nissedal, har me med songarar frå Åmli, Fyresdal og Drangedal. Me gler oss alltid over fornying. Velkomen som medlem!

Til sist: Takk til alle som bidrog til å gjere jubileet vårt til ein festkveld – ikkje minst de som fylte Hægefjell i Fleirbrukshuset. Velkomne att ved neste høve! For, sjølv om gjennomsnittsalderen har nådd middagshøgda, og vel så det, kan ikkje Nissedalskoret, etter oppmodinga frå Kjell Åsen, avselast ennå:

«Jubilerande røyster syng! ..... Syng til dine dagars ende!»

*Takksam helsing frå røystene i Nissedalskoret v/ Øyvind Tveit*



## Trusopplæring våren 2020

### Babysong

Ein kjem ikkje i gang med babysong med det fyrste på nyåret. Når ein er klar for å setje tiltaket i gang att, vil dei som er i målgruppa bli orientert.

### Program for søndagsskule og tårnagentar

Treungen bedehus

Sundag 05. januar

Sundag 26. januar

Sundag 23. februar

Sundag 22. mars

Alle samlingane startar kl. 11.00

Og så vil det vere tilbod til borna i sakristiet under dei vanlege gudstenestene.



### I Felle kapell

Måndag 27. januar kl.17.00

Måndag 24. februar kl 17.00

Måndag 23. mars kl 17.00

Sundag 05. april familiegudsteneste  
kl. 11.00

Hjarteleg velkomen!

### Sundagsskulen i Nissedal.

Samlingane held fram i sakristiet i Nissesal kyrkje.  
Program vert levert ut.

### Nattkafe-samlingane på Treungen bedehus

held fram som før. Samlingane fram til påske er

- 18. januar
- 29. februar
- 28. mars
- 25. april

### Fjone bedehus

Damenes: Kvar første onsdag i månaden kl 19.00.

Yngres: Sjå meldingar på Face Book-sida.

BASAR: onsdag 20.mai kl 18.30.

### Nissedal mållag

har

årsmøte

på

Gautefall hotell,

**fredag 31. januar 2020 kl. 19.00.**

Årsmøtesaker, underhaldning og god mat.  
Sjå nærare oppslag om programmet seinare!

**Vel møtt!**

### ”Saman med suppe”

**Onsdag den 12.februar kl 17.30 i  
Treungen bedehus.**

Diakoniutvalet inviterer til mat og fellesskap i møte ved våre ulike kulturar.  
Arrangementet i år er i samarbeid med  
Frikyrkja.

## Bli kjent med den nye salmeboka

v/Olav Svalastog

NORSK SALMEBOK NR. 740

### Den fattige Gud av Edvard Hoem og Henning Sommerro

Dette er den fyrste salma som Edvard Hoem har skrive, og det var før jol i 1983.

Hoem var aktiv forfattar og sterkt engasjert på politisk venstreside, og kritisk til kristendomen som han ofte såg blei støtta av dei som hadde makt og rikdom i samfunnet.


Men han hadde vore i Nicaragua på 1970-talet og opplevd folket som kjempa for fridom og kristen tru. Her var dei kristne mellom dei fattige og undertrykte.

Hoem budde nå i Bergen og hadde born i skulen. Ein dag fekk han ei utfordring av musikk læreren til sonen, Ingrid Klovning, kan du skrive ei ny jolesalme? Og det sette Edvard Hoem i gang med og fekk ven og komponist Henning Sommerro til å skrive melodien til. Resultatet vart teke imot med litt undring med det fyrste, men klassa øvde og framførte den nye jolesalma. Forfattaren ville endå meir med denne salma som han haddde skrive. Den skulle ut til heile landet.

Og slik gjekk det. I TV-programmet «kvelden før kvelden» leia av Kari Sørby og Pål Bang Hansen vart «Den fattige Gud» framført av Kirsti Sparboe.

Salma kom ikkje med i nye forslag til bruk i kyrkja på lenge. Det gjekk 30 år, og då kom den med i Norsk salmebok i 2013. Her den plassert under avsnittet rettferd og fred. Men den vart skriven som ei jolesalme.

«Eit lite barn voks opp til mann og sa at han var Gud. .... Hans rike låg langt borte frå all sorg og vondskap i vår verd.»



T Edvard Hoem 1983  
M Henning Sommerro 1983

⊕ 740

Eit li - te barn voks opp til mann og sa at han var  
Gud. Han lev - de slik som and - re, han, og såg heilt  
van - leg ut. Hans ri - ke låg langt bor - te frå all  
sorg og vond - skap i vår verd, og en - da bed han  
oss for - stå at det er in - ni oss det er. →

2 Han sa: Ein fattig går forbi,  
og det er meg du ser.  
Men vi ser millionar, vi,  
i svoltens store hær.  
Og når vi veit kva vi har gjort  
mot alle desse dine små,  
forstår du at vi snur oss bort  
ifrå den Gud vi skulle sjå.

3 Men er det sant at dei som bur  
i svolten kring vår jord,  
er Gud som menneske, da trur  
vi òg at du er stor.  
Når svoltens hær frå land til land  
bryt opp og krev ei anna verd,  
vil vi forstå med vår forstand  
kva for ein mektig Gud du er.

## NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

**Sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr**

Kyrkjekontoret:

Tysdag og torsdag kl. 10 -13

Ellers treffetid etter avtale.

Tlf. 35 04 84 49

Mobil 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skyttemyr

@nissedal.kommune.no

**Kyrkjeverje Jon Inge Nordbø**

Kyrkjekontoret: Tysdag,

onsdag og torsdag kl. 10 - 14

Tlf. 35 04 84 43

E-post: jon.inge.nordbo@nissedal.

kommune.no Mobil: 90161671

**Leiar i soknerådet:**

Anita Haugsjå

**Nestleiar:**

Asbjørn Nes Hansen

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:**

**Anne Marie Larsson**

Mobil 90 63 47 47

**Organist: Olav Svalastog**

Tlf. 35 04 53 46

**Klokkar i Treungen kyrkje:**

**Reidun Lauvdal**

Tlf. 95 06 52 01

**Kyrkjetenarvikar**

**Felle kapell**

**Elisabet Åsland**

Tlf. 97 62 10 48

**Prostidiaakon Eilev Erikstein**

3880 Dalen

Tlf. 35 07 71 88 Mobil 91 11 35 80

**Kirkens SOS**

Tlf. 22 40 00 40

## Frå kyrkjeboka - Nissedal sokn

### Nissedal kyrkje

#### Dåp

29. september

Torbjørn Holmegård Grimstveit.

Foreldre: Ingvald Grimstveit og Hilde

Holmegård Grimstveit

27. oktober

Tuva Helgesen. Foreldre: Kenneth Helgesen og

Ingebjørg Nordbø Helgesen

#### Gravferd

6. september

Vilja Mortensen Vaa. « Kom stille til verden»

24.08.2019

4. oktober

Signe Kleivane. Død 30.09.2019. Fødd 1924

13. desember

Ruth Nordbø. Død 04.12.2019. Fødd 1924

### Treungen kyrkje

#### Gravferd

29. november

Frank Edvard Sjøgren Lien. Død 21.11.2019.

Fødd 1954

**Frist for innlevering av stoff til neste nr.: 01.03.2020**

### Gje de gåve ved bruk av Vipps

Kyrkjelyden har fleire nummer: 123534 Sondagens offer, 123537

Kyrkjelydsarbeidet, 123538 Diakoniprojektet i Mali og 123539 Gåve til kyrkjelydsbladet.



## KYRKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn

Utgjevar: Soknerådet i Nissedal.

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr,

3854 Nissedal Tlf. 35 04 84 49 Mobil: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen Tlf. priv. 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn

3854 Nissedal Tlf. priv. 99 42 33 59

EKSPEDISJON:

Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekne med takk.

Trykt ved Grenen digitaltrykkeri, Porsgrunn Tlf. 928 99 500



## EI TALE FOR DEN SOM SER.

### Eg må rekke ...

*Her skal det kome  
eit bilete,  
viss eg rekk det*

Det er så mykje eg må rekke før jol.  
Bake, vaske, skrive jolekort, kjøpe gåver, besøke tante, henge opp adventspynt .....

Men før det må eg på jobben, og då må eg rekke bussen.

Og så strikka eg feil på den genseren til Veslegut, så eg må rekke å rekke opp den armen og rekke å strikke ny.

Var det forresten ikkje naboguten som stod der og rekte tunge til meg i det eg ramla ned på setet i bussen i siste liten?

å rekke- rekk- rakk- har rukke  
Har eg rukke alt eg må rekke?

Var det nokon som nemnde ordet stress?  
Jolestress. Jolestri. Trøytt og arm. Eg har rett og slett ikkje nok armar til å rekke alt.

Eg kom på ei strofe i ein jolesong: «Her kjem me dine arme små-» Ajax, ein Stavanger-forfattar, har skrive eit stykke om «dei små armane». Guten trudde me song om nokon som hadde små armar, og han lurte på kvifor det bare var dei med dei små armane som fekk kome til stallen.

Då fekk han vite at dei som hadde store armar med store musklar ikkje trong hjelp, og dei ville heller ikkje ha hjelp. Dei gjorde narr av dei andre som trudde at eit lite barn i ein stall kunne hjelpe nokon. Men alle dei som hadde små armar, fekk hjelp med alt det tunge dei måtte bere på. Nå kunne dei slutte å slite på tunge ting. Det var ikkje nødvendig lenger. Det vesle barnet skulle greie med dei tunge tinga.

Guds evige armar når heilt her ned. Ja, var det ikkje det dei gjorde i jola?  
Slik at alle me som har for korte armar eller for små armar, kan puste fritt, sjølv om me ikkje rekk alt?

*Det vesle barn i Betlehem  
han var ein konge stor,  
som kom frå høge himmelborg  
ned til vår arme jord.*

Det vesle barnet kom for å greie med alle dei tunge tinga, for oss.

GBR-M



## Gullkonfirmantar i Treungen 2019



*Foto: Olav Jakob Tveit*

*Frå venstre: Kjell Asbjørn Solberg, Marit Barbøl, Arvid Hansen, Olav Tveit, Ole Bjørn Lauvdal, Frank Lien og Astrid Gunn Nybo Jakobsen*